

Framlegg til standardlover for eit lokallag i NMU:

LOVER FOR LAG X

§ 1. Føremål

1. Lag X arbeider for å fremje nynorsken og dialektane på alle samfunnsområde.
2. Lag X skal arbeide i samsvar med føremålet, arbeidsprogrammet og lovene til Norsk Målungdom.

§ 2. Medlemskap

1. Lag X er eit lokallag i Norsk Målungdom.
2. Ungdom som godkjenner føremålet til Norsk Målungdom og svarar medlemspengar, kan vere medlemmer i Lag X.
3. Medlemer og sympatisørar av rasistiske og/eller nazistiske samskipnader kan ikkje vere medlemmer i Lag X.

§ 3. Årsmøte

1. Årsmøtet skal vere kunngjort minst 10 dagar på førehand. Omframnt årsmøte skal haldast når årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i laget eller 1/3 av medlemene krev det.
2. Årsmøtet vel leiar og minst 1 styremedlem, og eventuelt nestleiar, skrivar, kasserar eller andre styremedlemer.
3. Utsendingar til landsmøtet i Norsk Målungdom og Noregs Mållag skal veljast på årsmøtet. Årsmøtet kan eventuelt gje medlemsmøtet fullmakt til å velje utsendingar.
4. Årsmøtet skal ha føre årsmelding, rekneskap og andre saker som styret legg fram.

§ 4. Arbeidet til styret

1. Styret leier arbeidet i laget.
2. Styret skal syte for at årsmøtet får årsmelding og rekneskap.
3. Styret rår over eiga og skal drive laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med arbeidsplan og budsjett.

§ 5. Eiga

1. Vert laget lagt ned eller skifter føremål så det ikkje lenger kan stå i Norsk Målungdom, går midelen til NMU, og vert disponert slik NMU-lovene slår fast.
2. Lova til Norsk Målungdom gjeld når ein skal avgjere om laget er lagt ned eller har skift føremål.

§ 6. Ymse

1. Lover og føresegner for Norsk Målungdom som omhandlar tilhøve i målungdomslaga eller organisasjonen ålment, gjeld òg for Lag X.

§ 7. Lovene

1. Framlegg til lovbrigde skal vere kunngjort minst 5 dagar før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta brigdet med 2/3 fleirtal.
2. Desse lovene kan ikkje stri med lovene åt Norsk Målungdom.